

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert måndag 02. juni 2014 21:14

---

## **”Berrføtt i graset”**

av Grethe Hopland Ravn

**Litt gøymt bakom krokete vegar og langs med ein trakka sti**

**Der vers etter vers oss fyljer, på veg mot naturgalleri**

**Der stilla kan vera mektig, ein vakker og varm sommarsdag**

**Med lukter og inntrykk andektig for sansane gjev behag**

**Der kan me trø berrføtt i graset, der kan me nyta natur**

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert måndag 02. juni 2014 21:14

---

**Og stilt lesa versa på stolpar, eit og eit etter tur**

**Ein diktar har skrive kjensler, som handlar om kjærleik og svik**

**Om håp og draumar og kvardag, og dikteren er Olav Vik**

**Han har sikkert også stega, berrføtt i graset og tenkt**

**På kvardagar, sorger og gleder, mens sola har glitra og blenkt**

**Han har sikkert lengta og venta, på dagar som aldri kom**

**Berrføtt i graset, åleine – på sin store eigedom**

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert måndag 02. juni 2014 21:14

---

**Olav Vik var nok ikkje ofte, berrføtt i graset trur eg**

**For hjarta og sjela den hamra for andre ting, retteleg**

**Han elska å sjå det bløma! Sjå nye vekstar slå rot!**

**Millionen av gran han planta, utan snev av mismot**

**Sjølv om han kunne trylla, med flora, buskar og tre**

**og haustane gav både plommer, pære og eple med**

**Så banka nok hjarta oftast, for Orda som kom i hans hug**

**Ord som gav næring til lengta, ei lengt som gav sakn og sug**

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert måndag 02. juni 2014 21:14

---

**Mange somrar fekk komma, fleire vintrar som gjekk**

**Lengta og saknet i hjarta, fekk berre liv gjennom blekk**

**Ingen veit kor han sukka, over sine tronge kår**

**Ingen veit kor han græt, for sin ungdoms tapte vår**

**I åtti år fekk han leva, men så vart det kveld ôg for han**

**Me som får lesa hans tankar, forstår det var Orda som brann**

**Orda gav næring til livet, Orda gav næring til savn**

**Då han forlot denne verda, var han framleis ein einsam ravn**

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert måndag 02. juni 2014 21:14

---

**Livsarva sto tilbake, då Nordavinden tok han med**

**til Himmalaya for å kjenne lukta av roser – og ta avskjed**

**Naturperla som han kalla, sin gotiske katedral**

**Med kneisande høge grantre, med blomar og busk – eit kunstareal**

**Livsarva står tilbake, den kan han ikkje ta med**

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert måndag 02. juni 2014 21:14

---

**Bygningar, uthus og nôver – knausar og stablar med ved**

**Streder som duppar i fjorden, skogar med busk og kratt**

**Enger med grønaste graset, vert også ståande att**

**Huset med seng og stolar, kjøken med koppar og kar**

**Utlæsne bøker og skrifter, vitnar om spørsmål og svar**

**Staden han halla "heime" – staden han sov kvar natt**

**Staden den gjev han til folket, bygda har fått ein skatt**

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert måndag 02. juni 2014 21:14

---

**Her trør me berrføtt i graset, her kan me gå einkvar**

**Sjå ungane springa og leika, frå dagen gryr heilt til soleglar**

**Her kan me få nyte stilla, ein vakker midsommarskveld**

**Eller vassa langs stranda ein morgon, på jakt etter krabbe og skjell**

**Takksam så trør eg i graset, berrføtt eg trør på din sti**

**Fuglane kvitrar i saman, og nyt sitt naturgalleri**

**Takksam så les eg langs vegen, versa du ein gong skreiv**

**Takk for at Orda du brann for, ikkje vart noko du heiv**

## **Berrføtt i graset**

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert mandag 02. juni 2014 21:14

---

**Takk for at du vil dele, Ord og natur så rik**

**Takk for den skatt me arva, du kjære Olav Vik**

**Takk for at me kan vandre, på bøar og berg og veg**

**Få nyta den skatt me arva, ei hjarteleg TAKK til deg.**

***-Grethe Hopland R***



## Berrføtt i graset

Skrive av Gisle Sellevold

torsdag 30. juni 2011 21:04 - Sist oppdatert mandag 02. juni 2014 21:14

---



avn-